



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

Landbruksdepartementet	Dokumentnr: 03.3044	Dokumentnr: 78
11 MAR 2004 ASR/for		
IAA		482

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Utval for utvikling	04.03.2004	018/04	TEM

Saksansvarleg: Trond Erlend Mehlum	Arkiv: V70	Arkivsaknr.:
	Objekt:	2003000920

Høyring - forslag til ny lov om skogbruk

SAKSTILFANG / LOVER / PLANDOKUMENT

- Notat frå Landbruksdepartementet, 04.12.03, ligg her:
<http://odin.dep.no/archive/ldvedlegg/01/29/Utkas016.pdf>
- Forslag til ny "Lov om skogbruk (skoglova)", utkast 04.12.2003
- Kopi frå "Skogeieren" nr. 1-2004 "Ny skogbrukslov: Færre paragrafer og mer fokus på miljøhensyn"

SAMANDRAG.

Det er positivt med ein enklare lovtekst og at skogeigarane si avsetning til investeringar i skogen endeleg har fått namnet skogfond.

FAKTA.

Ei ny lov om skogbruk blei varsla i St.meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren (Skogmeldinga).

Frist for uttale er sett til 15.mars 2004.

Landbruksdepartementet sitt framlegg til ny skogbrukslov gir ei lov der tal paragrafer er redusert frå 58 til 22. Grensene mellom skogbrukslova og naturvernlova vert oppretthalde, og lovframlegget gir høve til å fastsette ei eiga miljøforskrift for skogbruket.

Investeringsfondet for skogen endrar namn frå Skogavgift til Skogfond.

Formålsparagrafen: "Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen".

VURDERING / KONSEKVEN SAR.

Generelt kan ein seie at formuleringane i den nye lova er blitt knappare og derfor i fleire høve klårare. For mange vil den nye skoglova bli enklare å forstå. Dette er bra!

Når det gjeld formålet er "skogproduksjon, skogreising og skogvern" frå den gamle lova blitt dekkja inn av det tidsriktige begrepet "berekraftig forvaltning". Slik det vart fastsett i St.meld nr. 17 (1998-99) er siktemålet at lova skal regulere skogbruket som næring og stimulere til verdiskaping med grunnlag i skogressursane.

Ei vidareføring av ei skogbruksstyresmakt på kommune- og fylkesnivå vil gjere det mogleg å følgje opp regelverk og skogpolitiske mål på ein god måte både regionalt og lokalt. Kommunane si fullmakt til å treffe vedtak i første instans blir større, og kommunen får høve til å innføre lokale heimlar til lova.

Lova syner tydeleg at det er skogeigaren som har ansvaret for forvaltning av skogressursane og miljøverdiane på sin eigedom. Samstundes legg lova opp til ei ny føresegn som gir ei skjerping og konkretisering når det gjeld plikta til forynging etter hogst. Dette krev oppfølging i terrenget av skogfagfolk.

Ei eiga miljøforskrift vil komme saman med iverksettinga av lova. Innhaldet i den er ikkje klart, men ein vil med ei forskrift sikre at skogeigaren har oversikt over miljøverdiane i skogen og at det under skogsdrifter vert tekne nødvendige omsyn til miljø- og kulturverdiar.

Føresegnene om omdisponering av skogsmark er tekne ut av den nye lovteksten fordi regulering skjer dels etter plan- og bygningslova og dels ved føresegner om deling og omdisponering etter jordlova. Dette forenkler og tydeleggjer det kommunale ansvaret for god arealdisponering.

Det mest gledelege med lova er at ordet skogfond er innført! Ordninga med avsetning til framtidige investeringar, kjent som skogavgift, er ført vidare gjennom føresegner i lova; ikkje gjennom eiga forskrift som i dag.

Men dei nye reglane gir ikkje høve til å dekkje investeringar til vegbygging. Dette er uheldig for utnytting av skogressursane slik formålet for lova legg opp til. Den nye §7 har føresegner som legg opp til at vegbygging skjer på ein god måte slik at det ville vore god nok kontroll til at også avsette investeringsmidlar kunne nyttast for å sikre god tilkomst til ressursane.

For å sikre at skogen blir drevet forsvarleg innan skog- og miljøfaglege rammer blir det sett krav til skogeigarane om internkontroll og rapportar frå disse. Gjennom ein ny paragraf (§21) har ein høve å gje bøter eller fengsel for dei som bryt skogbrukslova. Det er no også gitt høve for andre enn skogbruks-styresmakter å anmelde brot på lova.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Eirik Natvik /s.
- rådmann -

Jarle Tvinnereim
Utviklingsjef

04.03.2004 UTVAL FOR UTVIKLING**Framlegg til vedtak frå repr. Lars Ola Hjellbakk:**

1. Utval for utvikling ser positivt på dei generelle forenklingane av lovteksten.
2. Det er ønskjeleg at skogfondet også kan nyttast til å dekke investeringar til vegbygging.

UFU-018/04 VEDTAK:

Samr.: Repr. Lars Ola Hjellbakk sitt framlegg til vedtak vert godkjent

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane
Landbruksdepartementet

Landbruksavdelinga
Postboks 8007 Dep

6801 FØRDE
0030 OSLO

Hornindal, den 08.03.2004

Solfrid O. Lien
Solfrid Otterdal Lien
- Sekretær -